

Leppefisk-fangst midt i Uskedalen

02.07.2014



Leppefiskfangst i Beinavikjo i dag

**Uskedalens einaste profesjonelle yrkesfiskar Jostein Legland driv med eit noko spesielt fiske no om dagen - han fangar leppefisk bokstaveleg tala midt i bygda. Fisket går mellom anna føre seg i Beinavikjo og Jostein nyttar ein dorry. Han set teinane om dagen og hentar dei inn att tidleg om morgonen. På godt norsk kallast denne fisken for rotalappa og han vert brukt i laksemerane for å ta knekken på lusa.**



Leppefisk - klar til å forsyna seg med lakselus!

Leppefisken er ein piggfinnefisk som omfattar 6 artar og den største arten er vel kjend for amatørfiskarar landet rundt - det er berggylt.

Dei andre er befrgnebb, grøngylt, blåstål, grasgylt og rødnebb.

Særleg er blåstål spesiell fordi hoa vert hanne under livsløpet.

I tidlegare år har Uskedalen hatt besøk også av andre fiskarar som har spesialisert seg på leppefiskfangst. Ein av dei er Ørjan Mo frå Norheimsund som slog fast at leppefisken ikkje lenger er å betrakte som midreverdig, han er tvertimot svært verdifull hvis han i stor grad kan bidra til eit kjemikaliefritt miljø.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen